



# PLANPROGRAM FOR KOMMUNEDELPLAN NÆRBØ SENTRUM

ME LØFTER I LAG

# Planprogram for kommunedelplan for Nærø sentrum

## Føreord

Kommunedelplan for Nærø sentrum skal fastlegge dei overordna måla og rammene for den fysiske utviklinga av Nærø sentrum i åra framover. Nærø er i dag lokalsenter for Nærbøkrinsen, men er samtidig det største senteret i kommunen. Om lag halvparten av innbyggjarane i kommunen bur i dag i dette området.

I arbeidet med ny kommunedelplan for Nærø sentrum, skal det leggjast vekt på at planarbeidet skal vere opent og tilgjengeleg med breid medverknad frå alle interesserte i sentrumsutviklinga.

Planarbeidet skal bygge på kunnskap, kreativitet og vilje til utvikling og bevaring av dei verdfulle historiske faktorane som har forma tettstaden. Integreringa mellom sentrum og tettstaden omkring må vidareførast. Nye eigna rammer for ei ønska sentrumsutvikling skal utformast.

Kommuneplanutvalet skal ha det politiske ansvar for utarbeiding av planforslaget, mens administrasjonen ved planavdelinga i tenesteområdet tekniske saker og næring, vil stå for det praktiske utgreiings- og planarbeidet.

## Innhald

1. Innleiing
2. Om kommunedelplan
3. Om Nærø
4. Planavgrensing
  - 4.1 Planperiode
  - 4.2 Avgrensing av planområdet
  - 4.3 Gjeldande arealplanar
5. Formålet med planarbeidet
  - 5.1 Formål med planarbeidet
  - 5.2 Eit velfungerande sentrum
  - 5.3 Identitet
6. Dagens situasjon og aktuelle problemstillingar
  - 6.1 Sentrumsavgrensing
  - 6.2 Handel, næring og anna tenesteyting
  - 6.3 Byggehøgder, tomteutnytting og bustadar i sentrum
  - 6.4 Byrom, parkar, grøntanlegg
  - 6.5 Samferdsel og parkering
  - 6.6 Gamle Nærø – Verneverdige bygningar
  - 6.7 Barn og unge
  - 6.8 Samfunnstryggleik
7. Overordna føringar og retningsliner
  - 7.1 Statlege føringar
  - 7.2 Fylkeskommunale føringar
  - 7.3 Kommunale planar og vedtak
8. Utgreiingsbehov
  - 8.1 Identitet - visjon
  - 8.2 Handelsanalyse
  - 8.3 Arealbruk – funksjonar i sentrum
  - 8.4 Utnyttingsgrad og byggehøgder
  - 8.5 Samferdsel
  - 8.6 Jærbanan
  - 8.7 Parkering
  - 8.8 Byrom, parkar, grøntanlegg
  - 8.9 Barn og unge
  - 8.10 Kulturminner og kulturmiljø
  - 8.11 Energi og klima
  - 8.12 Byform
  - 8.13 Samfunnstryggleik
9. Planprosess og medverknad
  - 9.1 Organisering
  - 9.2 Medverknad
  - 9.3 Framdrift

## 1. Innleiing

Hå kommunestyre gjorde følgjande vedtak den 27.03.2014 (Sak 18/14):

«Kommunestyret ber rådmannen laga ei sak om ny sentrumsplan for Nærbø. Saka må definere område og omfang for planområdet.»

Rådmannen la fram ein sak om organisering og rammer for det vidare arbeidet med ein sentrumsplan for Nærbø for formannskapet den 15.oktober 2015. Dei slutta seg til rådmannen si innstilling:

1. *Formannskapet ber kommuneplanutvalet utarbeide forslag til sentrumsplan for Nærbø.*
2. *Planforslaget skal utformast som ein kommunedelplan i samsvar med reglane for dette i plan- og bygningslova.*
3. *Rådmannen blir bedt om å utarbeide forslag til planprogram som blir lagt fram for kommuneplanutvalet til behandling.*

## 2. Om kommunedelplan

### Om kommunedelplan

§ 11-1 i plan- og bygningslova har reglar om kommuneplan og kommunedelplan:

*Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnssdel med handlingsdel og arealdel.*

*Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg frå statlige og regionale myndigheter til grunn.*

*Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte, temaer eller virksomhetsområder.*

Dei same saksbehandlingsreglane som gjeld for kommuneplan gjeld også for kommunedelplan.

### Om planprogram

Etter plan- og bygningslova § 4-1 skal det for alle kommune(del)planar utarbeidast eit planprogram:

*For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet. Kongen kan ved forskrift gjøre unntak fra kravet om planprogram for reguleringsplaner.*

*Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn senest samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.*

*Dersom berørte regionale og statlige myndigheter på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale hensyn, skal dette framgå av uttalelsen til forslaget til planprogram.*

Det er kommunestyret som skal godkjenne det endelige planprogrammet etter at utkastet har vore på høyring og til offentleg ettersyn og etter at kommuneplanutvalet har vurdert innkomne merknader.

### **Om konsekvensutgreiing**

I plan- og bygningslova § 4-2. *Planbeskrivelse og konsekvensutredning*, står det:

*Alle forslag til planer etter loven skal ved offentlig ettersyn ha en planbeskrivelse som beskriver planens formål, hovedinnhold og virkninger, samt planens forhold til rammer og retningslinjer som gjelder for området.*

*For regionale planer og kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse – konsekvensutredning – av planens virkning for miljø og samfunn.*

## **3. Om Nærbø**

I 1820-åra var alle kyrkjene i Hå prestegjeld i därleg forfatning. Det vart vedtatt at alle kyrkjene skulle setjast i stand, men bare Varhaugkyrkja vart reparert. I 1831 vedtok kyrkjelydane i Bø og Njærheim å slå sokna saman og byggja ny kyrkje i Skjerpe. Vedtaket vart godkjent ved kongeleg resolusjon året etter. Namnet Nærbø oppstod som ei samandraging av soknenamna Njærheim og Bø. Både kyrkja og det nye soknet fekk namnet Nærbø.

Nærbø som tettstad begynte å vakse fram då Jærbanen blei bygd mellom 1874 og 1878.

Bernervegen kom inn frå nordvest og Opstadvegen frå søraust. Dalføret som går gjennom området, kalla Skjærpedalen, utgjer den karakteristiske topografiene i området.

Nærbø som tettstad vaks, som dei andre stasjonsbyane på Jæren, opp omkring jernbanestoppet. Rundt dette kryssingspunktet mellom Nærbøgata og jernbanesporet vart viktige funksjonar som butikkar, kommunehus, idrettsbane, fabrikkar og torg lagt.

På store delar av det som i dag er Nærbø tettstad, vart jernbanesporet lagt på fylling høgare enn omkringliggende terren, og utgjorde heilt frå starten ein barriere gjennom området. Med tida har den barriéren jernbanen utgjer, fått større og større betydning og deler no sentrum i to delar med få kryssingspunkt.



På den søraustlege sida av sporet finn ein delar av det gamle trehusmiljørt bevart. Her i Nærøgata ligg eldre butikkar, bustadar og fabrikkbygg, eit område som utgjer det første sentrum i den nye Nærøsokna.

Heilt til det siste har Nærø tettstad vore karakterisert av småhus, sjølv om sentrum og tilgrensande industrifelt har hatt innslag av større bygningskroppar med større byggehøgd. Dette er i ferd med å endre seg. Jordvernet har nå stor innverknad på utbygginga av tettstaden. Det er nå trekt ei langsiktig grense for 40 år framover, mellom tettstad og omkringliggende landbruksområde. Utbygging framover vil i stor grad skje i form av konsentrerte buformer, rekkehus og blokker, og kravet til høg tomteutnytting vil gjelde for alle typar verksemder.

Det har vore fleire sentrumsplanar opp igjennom tida på Nærø. Ein av dei, Asplan Viaks ideskisse av Nærø sentrum frå 1986, la fram forslag om bibliotekplassering ved det gamle kommunehuset, overdekning av handlegate bak torgsenter, vern av miljøet aust for jernbanen og Underhaugfabrikken og ein park som kobling mellom sentrum og Nærø handelslag (nåverande Coop Mega/Amfi). Ein anna, Vianova knutepunktsutvikling frå 2000 som baserte seg på Haga og Grovs sentrumsplan for Nærø, visar forskjellige trafikkløysningar og nye torgfunksjonar. Ein kan sjå at nokre av idéane er delvis gjennomført i dagens sentrum.

I år 2 000 blei det registrert 4 580 innbyggjarar i sjølve tettstaden Nærø. I 2015 var dette

vakse til 6 995.

## 4. Planavgrensing

### 4.1 Planperiode

Planperioden for den kommuneplanen som vart endeleg godkjent i desember 2014 går fram til 2028. Kommunedelplanen for Nærø sentrum må bygge på dei føresetnadane som denne kommuneplanen legg til grunn for utviklinga i kommunen i åra framover. Det er då naturleg at kommunedelplanen har same tidshorisont som kommuneplanen, dvs 2028.

### 4.2 Avgrensing av planområdet


I gjeldande kommuneplan er sentrumsområdet på Nærø avgrensa med eigen formålskode «Sentrumsformål». Planavgrensinga for kommandelplanen vil i utgangspunktet vere dette området.

For enkelte tema, som for eksempel trafikk og grøntanlegg, vil analyseområdet måtte omfatte eit større område for å få sett bruken av sentrum inn i ein større samanheng. Eit vurderingstema vil også måtte vere om sentrumssona har fått ein formålsteneleg storleik og avgrensing i kommuneplanen, eller om dette gjennom kommandelplanen bør endrast.

### 4.3 Gjeldande arealplanar

Gjeldande kommuneplan for perioden fram til 2028, vart godkjent av kommunestyret den 17.12.2014. I tillegg gjeld følgjande reguleringsplanar for deler av sentrumsona:

Plan nr.	Namn	Vedtak
1022	Nærø sentrum sør	15.10.2001
997A	Nærø sentrum	07.09.1989
997-2	Bragevegen	12.09.2013
997-1	Detaljreguleringsplan for områdene B8-10, G4 og O3, Nærø sentrum	23.10.2014
1087	Lyngvegen-Torggata, Nærø	12.04.2007
1017	Nærø sentrum nord	15.11.2001
997-3	Nærø Allé	27.03.2014
1017-1	Delfelt B1	20.11.2001
1146	Rundkjøring Bernervegen	07.05.2015
1023	Nærø gamle sentrum	14.12.2006
996B	Nærø sentrum øst	08.10.1980
1067	Bernervegen 27	16.12.2004
1119B del 1	Områderegulering for Bjorhaug, Nærø øst (del 1)	18.10.2012
999	Lunden	02.10.1986
1050	Krusemarka	10.09.2015
995B	Motland	18.12.1986
1129	Nærø sentrum, meieritomta	19.06.2014



## 5. Formålet med planarbeidet

### 5.1 Formål med planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å utforme eit godt styringsverktøy for utviklinga av Nærø sentrum som eit godt og livskraftig sentrum for den største tettstaden i kommunen.

Kommunestyret godkjente i desember 2014 ny kommuneplan for perioden fram til 2028. For enkelte tema, som t.d. langsiktig grense mellom tettstadane og landbruksareala omkring, er tidshorisonten forlenga heilt fram til ca. 2050. Kommuneplanen legg mange viktige føresetnader for utviklinga av det framtidige Nærø sentrum:

- Sentrumsområdet er avgrensa med ein eigen formålsfarge på kommuneplankartet.
- Det er eit eige punkt i føreseggnene, pkt. 1.3, som avgrensar storleiken på handelsverksemndene.
- Det er lagt til grunn at folketalet i Nærø-krinsen vil vekse med om lag 33 %, til ca. 11 500, i 2028.
- Fram til 2028 skal det byggjast ca. 780 nye bustadar. Ca 40 % av desse skal byggjast som fortettingsprosjekt.
- Det skal leggjast stor vekt på utforming av eit overordna vegnett som opnar for gode bu- og bymiljø med gode uteareal for opphold og leik.

Ein sentrumsplan må ha som siktemål å utvikle heilsakaplege løysningar som legg til rette for ei arealeffektiv, kompakt og berekraftig sentrumsutvikling og med klar avgrensing av sentrumsområdet. For å få ein plan som kan fungere som eit godt styringsverktøy er det viktig at aktuelle brukarar og aktørar i og av sentrumsareala får eit eigarforhold til planen. Ein planprosess med aktiv brukarmedverknad er derfor viktig.



### 5.2 Eit velfungerande sentrum

Eit sentrum bli ofte oppfatta som eit område der ein kan gjere dei fleste innkjøpa av forbruksartiklar. Men eit sentrum er mykje meir. Eit sentrum er eit område kor det dagleg oppheld seg mange menneske. Eit sentrum er eit område kor det er naturleg å treffe andre folk, for planlagt attraktive eller tilfeldig møte. I eit sentrum skal ein ha moglegheit til å handla og å oppleve ulike former for kultur og mangfald.

Eit velfungerande sentrum er ein stad kor folk trivst. Det er viktig at staden gir rom for trivsel og møter, som ein kan få gjennom ei konsentrert blanding av funksjonar som næring, bustad og andre publikumsretta tilbod. Ein god balanse mellom offentlege og private interesser er også viktig. Desse funksjonane utfyller kvarandre og gir aktivitet og liv i området også ut over vanleg opningstid for butikkane. En kombinasjon av butikkar, tenestetilbod som frisør og spiseplasser og offentlege tilbod som bidrar med attraktive omgjevnadar og nyttige tilbod av ikkje-kommersiell art. God tilgang til offentleg transport kan gje auka besøkstal ved at det gjer kortare reisetid til nabosentra for alle brukargrupper. Det er viktig med effektiv tilgjengeleghet både for køyrande og for mjuke trafikantar. Ei prioritering av mjuke trafikantar bidrar til mindre støy og fare og gjer sentrum meir attraktivt for opphold og bruk

### 5.3 Identitet

For å skapa eit sentrum der folk trivst, er det viktig at staden har identitet, er slik at den på ein positiv måte skil seg ut frå andre tettstader.

Kva er typisk for Nærø og kva gjer at ein Håbu kjenner seg heime i tettstaden ?

Ein del av identiteten til Nærø er knyta til geografien. Tettstaden ligg midt på flate Jæren i eit av dei viktigaste og mest aktive landbruksområda i Noreg. Identiteten er i stor grad knyta til det landskapet den ligg i, med sin historie, topografi, klima, næringsliv. Jærbuen blir oppfatta å vere driftige og arbeidssomme.

Nærø er omkransa av nasjonalt viktig matjord og både tettstaden sine tradisjonar og framtidig vekst heng saman med korleis me brukar og tar omsyn til denne ressursen. Det tradisjonelle næringslivet knytta til landbruk og industri står framleis sterkt, samtidig som det legg grunnlag for innovasjon og ny teknologi.

Hå kommune har og tradisjonar for eit mangfaldig kulturliv i samspelet mellom offentlege verksemder, næringsliv og frivillige organisasjonar. Nærø er sentrum for regionale og nasjonale kulturinstitusjonar som Hå gamle prestegard, Jærmuseet og Vitengarden, Grødalstrandstunet, og andre lokale kulturarenaer. Hå bibliotek gir også viktige tilbod til innbyggjarar og besökande. Nærø har også forskjellige festivalar som Nærødagane, Ølfestivalen og andre arrangement både i Jadarheimen og Loen. Store verksemder som Åna og Nærlandsparken har Nærø som sitt naturlege sentrum.

For å utvikle ein sterk identitet også i framtida er det viktig å bygge vidare å eksisterande kvalitetar og den identiteten som er bygd opp i området over lang tid.

## 6.0 Dagens situasjon og aktuelle problemstillingar

### 6.1 Sentrumsavgrensing

Sentrumsområdet på Nærø er, slik det er avgrensa i kommuneplanen, på ca 300 dekar. Utstrekninga i luftline i nord-sør-retning er på om lag 1 200 meter. I langsgående retning nord – sør deler jernbanelina sentrum funksjonelt i to. Bare tre passasjarar bind aust- og vestsida saman, Bernervegen, forgjengarundergangen ved jernbanestasjonen og Opstadvegen. Eit fint opparbeida torg/parkanlegg vest for jernbanestasjonen deler vestsida av sentrum i to i nord-sør-retning. Bil er det vanlege transportmiddelet for å kome seg frå ein del av sentrum til ein annan.


Området vist i gjeldande kommuneplan som sentrumsområde.



I regionalplan for Jæren er Nærø vist som «Lokalsenter» som har fått følgande definisjon:

*Lokalsenter er et senter for en bydel eller et større nærområde i kommunen. Senteret kan inneholde handel, næring, bolig, kultur, offentlig og privat tjenesteyting som skal rettes mot den bydelen eller det området senteret skal betjene og som kun er dimensjonert for å dekke lokale behov.*

Rogaland fylkeskommune utarbeida i 2015 «*Tilstandsrapport over sentrene som inngår i Regionalplan for Jæren*». I denne rapporten har dei avgrensa eit område i sentrum på ca 30 da som dei kallar «funksjonell avgrensing» av sentrum, mens sentrumsområdet i kommuneplanen er på ca 300 da. Til samanlikning er Kvadraturen i Oslo på ca 250 da.



#### DAGENS SENTRUMSAVGRENSING I KOMMUNEPLANEN, OG EI VURDERING FRÅ FYLKESKOMMUNEN AV FUNKSJONELT OMRÅDE

Det kan ut frå dette stillast spørsmål ved om sentrumsområdet, slik det er vist i kommuneplanen, er for stort. Fleire spørsmål oppstår med bakgrunn i dette.

Er det mogeleg å få til eit attraktivt sentrum når butikkane er spreidde over eit stort område der kundane i stor grad nytta biltransport mellom ulike målpunkt ? I nye prosjekt er det normalt at første etasje skal nyttast til næringformål. Er det fornuftig å bygge nye utbyggingsprosjekt med næringssareal i første etasje som blir ståande tome og unytta i mange år ?

#### Problemstillingar:

- Er det vist eit for stort område til sentrumsformål på Nærøysund ?
- Skal dagens sentrumsavgrensing oppretthaldast ?
- Eller skal deler tas ut og disponerast til anna formål ?
- Er det aktuelt å utvide sentrum på enkelte punkt ?

## 6.2 Handel, næring og anna tenesteyting

Handel, næring og anna tenesteyting framstår Nærøysund i dag først og fremst som eit sentrum for Nærøysundkrinsen.

I Regionalplan for Jæren er Nærøysund definert som *Lokalsenter*. I føreslagnene til planen pkt. 4.6, *Dimensionering av handel*, heiter det m.a.:

«*I lokalsenter tillates etablering av handels- og tjenestetilbud som er dimensjonert for innbyggerne i senterets nærområde og i henhold til dimensjoningskriterier i den regionale handelsanalysen.*»

Fleire undersøkingar viser at det i dag er stor handelslekkasje frå Hå, nordover mot Bryne og Sandnes/Stavanger. I ein handelsanalyse utført for Time kommune i samband med utarbeidning av ny sentrumsplan for Bryne, framgår det at dekningsgrad for matvarer er 81 % i Hå mens den er 112 % i Hå. For Utvasvarer er dekningsgraden i Hå bare 35 %, mens den i Time er 147 %:

Kommuner	Time	Hå	Klepp	Gjesdal
Dagligvarer	<b>112 % (113 %)</b>	<b>81 % (82 %)</b>	<b>75 % (76 %)</b>	<b>114 % (114 %)</b>
Utvalgsvarer	<b>147 % (145 %)</b>	<b>35 % (35 %)</b>	<b>48 % (47 %)</b>	<b>65 % (64 %)</b>
Møbler, hvitevarer, fargevarer	<b>70 % (60 %)</b>	For få bedrifter til at tall kan offentliggjøres	<b>84 % (80 %)</b>	<b>27 % (23 %)</b>
Byggevarer / hagesenter	<b>77 % (83 %)</b>	<b>49 % (53 %)</b>	<b>87 % (94 %)</b>	<b>79 % (85 %)</b>
Detaljhandel totalt	<b>116 % (115 %)</b>	<b>55 % (54 %)</b>	<b>68 % (67 %)</b>	<b>84 % (82 %)</b>

Figur 8: Tabellen viser dekningsgrader for kommunene på Sør Jæren (2012). Dekningsgrad sammenlignet med Rogaland Fylke i parentes. Kilde: Omsetningsstatistikk fra SSB (bearbeidet av Norconsult).

Eit sentralt trekk i seinare års utvikling i varehandel, er at ein har gått frå mindre verksemder med få produkt til store føretak med mange tilsette, stort volum og store markedsandelar. Butikkstruktur er meir og meir prega av større bilbaserte varehus etablert utafor sentrum, med tilsvarende nedlegging av mindre verksemder i sentrum. Lokaler som før blei oppfatta som attraktive, tilfredsstiller i dag ikkje den standarden aktørane vil ha. Det er derfor viktig å utvikla samarbeid og alliansar på tvers av næringsdrivande i sentrum, for slik å kunne oppretthalda ein handelsaktivitet i sentrum.

Det er behov for ein betre oversikt og innsikt i denne problemstillinga. Dette er viktig både for å vurdere storleiken på sentrumsområdet, behovet for nytt næringsareal (bygningsareal) og for å kunne drive ein aktiv og målretta næringsutvikling.

Næringslivet og store deler av handelen og tenesteytinga er i sterk endring. Folk nyttar i aukande grad kjøpesentra og internett. Endringane i folk sitt handlemønster har gitt nye utfordringar for sentrum. Både sør og aust i sentrum er det ledige lokalar både til handel og kontor, medan mesteparten av eksisterande handel er plassert nær trafikale hovudårer.

Etter gjeldande kommuneplan skal detaljhandel etablerast innanfor sentrumsområda. Berre nærbutikkar mindre enn 1 000 m<sup>2</sup> kan plasserast utanom dette. For å lukkast med å styrka sentrum, er det viktig at området ikkje er for stort. Samtidig må det setjast av nok areal til å handtera ein forventa vekst. Moglegheiter for fortetting av handel, næring og tenesteytingar innanfor dagens sentrumskjerne må kartleggjast.

Nærbøs kulturliv består av offentlege og private kulturinstitusjonar, samt nokre festivalar og

arrangement i regi av både private og offentlege. Festivalar blir arrangert ved torget, parken og i Loen.


Hå blei kåra til Rogalands kulturkommune i 2015. I vurderinga blei breidda i kulturtildot og kommunens satsing på å nå bl.a. ungdom og invandrurar vektlagd, samt det samarbeidet kommunen har med det frivillige organisasjons- og idrettslivet.

Biblioteket på Nærø er godt brukt og ligg i yttergrensa av sentrumssona. Her ligg også Jadarheim med si kulturscene. Vidare mot togstasjonen, ved det gamle kommunehuset, er det nokre uteplassar. I nord ligg idrettsområdet Loen som også arrangerar konserter. Her ligg også Hå kulturtorg.

Tilrettelegging for bustadar i sentrum er også eit viktig tema, både mot auking av talet på bustadar, variasjonar i bustadstilbod og kvalitetar i bymessige bu- og oppvekstmiljø.

Planarbeidet bør innehalde vurderingar og avklåringar mot Nærø sentrum sine ulike roller i spennet mellom nærmiljø, lokalsenter og regionsenter.

Nærø, til liks med heile Hå kommune, har dei siste åra hatt ein sterk vekst i folketalet. Mens folketalet i heile kommunen vaks med ca 3 800 personar frå 2005 til 2016, vaks Nærø i same perioden med ca 2 000 personar, frå ca 7 000 til ca 9 000. Dvs at over halvparten av folkeveksten i kommunen dei siste 10 åra har skjedd på Nærø.



Etter kommuneplanen er det venta ein forsatt sterk vekst. Det skal leggast til grunn for vidare planarbeid at folketalet kan vokse med ytterlegare 2 900 personar, dvs til ca 11 500, i 2028. Ein slik vekst vil gje behov for utviding av eksisterande tilbod og for etablering av nye tilbod

som ikkje eksisterar i dag. Utviklinga særleg det siste året kan peike mot at kanskje denne forventa utviklinga må revurderast.

I eit sentrum må publikumsretta servicetilbod prioriterast. Tradisjonell industri, transportkrevjande aktivitet eller for eksempel engroslager, er funksjonar som ikkje bør etablerast i eit sentrumsområde.

Ei kjent problemstilling er knyta til bruken av første etasje i bygningar med fasade mot offentleg areal.

Eit sentrum er prega av mange aktivitetar, med fasadar og bruksareal mot offentlege gater, plassar ol som rettar seg mot publikum. Mange av dagens reguleringsplanar har krav om at første etasje skal nyttast til publikumsretta aktivitet. Med liten etterspurnad etter butikk og næringsareal, oppstår derfor ofte spørsmål om å få nytte første etasje i nybygg til ikkje-publikumsretta aktivitetar. Det kan gjelde parkering, lager, bustad mm. Eventuell godkjenning av slik bruk, vil vere med på å bryta opp sentrum som eit område for publikumsretta aktivitetar. Ei vurdering av denne problematikken må gjennomførast som grunnlag for planutforminga.

Med det norske klimaet, har offentlege innandørs rom der folk kan opphalde seg gratis, vist seg å ha stor effekt for aktivitetsnivået i området rundt, for eksempel i det nyleg renoverte kulturhuset på Sølvberget i Stavanger. På Nærbø fins desse tilboda i begrensa grad rundt stasjonsområdet, og då først og fremst i form av kommersielle tilbod som kioskar og butikkar.

Varelevering utgjer ei anna utfordring. Levering av varer til næringsdrivande med store lastebilar kan vere vanskeleg å kombinere med gode publikumsløysingar. Sjølve mottaksanlegget, gjerne med rampe og oppstillingsplass for stor lastbil, kan vere plasskrevande.

### **Problemstillingar:**

- Kor stor er handelslekkasjen frå Nærbø mot Bryne og Sandnes/Stavanger ?
- Er det ulik dekkingsgrad mellom dei ulike bransjane ?
- Kor stort er potensialet for utviding av handels- og tenestetilbodet ?
- Kor mykje næringsareal er det realistisk behov for ?
- Vil den forventa veksten gi grunnlag for etableringa av nye tenestetilbod ?
- Er dagens tilbod til arrangementstader for festivalar og arrangement dekkande, eller er det behov for fleire og andre typar anlegg for andre målgrupper?
- Skal første etasje i heile- eller deler av sentrum nyttast til publikumsretta aktivitet ?
- Korleis skal varelevering organiserast ?

### **6.3 Byggjehøgder, tomteutnytting og bustadar i sentrum**

Dei siste åra er det bygd lite nytt næringsareal i sentrum. Dei prosjekta som er realiserte, og også kjente prosjekt under planlegging, gjeld i vesentleg grad bustadprosjekt. Bustadar er ein viktig del av sentrum. Bustadar gir både auka kundegrunnlag og folk og aktivitet i eit sentrum utanom opningstidene for handels- og servicetilboda. Det må likevel leggast til rette for ei balansert utbygging, der næringsareala utgjer ein viktig del, slik at sentrum ikkje blir omforma til eit reint bustadområde.

Ei stor utfordring ligg i å tilrettelegge eit godt bumiljø i eit område med næringsaktivitet,

trafikk og støy. Dette krev m.a. restriksjonar på biltrafikken og tilgang på gode leike- og opphaldsareal på bakkeplan.

Høg arealutnytting er viktig av fleire grunnar. Det vil vere ein del av jordvernpolitikken og spare forbruk av jordbruksjord. Det bygger opp om bruken av jernbanen som kollektivt transportalternativ. Og det gir ein intensiv bruk av areala, noko som er ein føresetnad for eit levande sentrum.


Spørsmålet om byggehøgder heng saman med spørsmålet om tomteutnytting. I vårt klima gir byggehøgder over 3 – 4 etasjar i sentrum ofte uønska skuggeverknadar på fellesareala. Kombinasjonar av høgare bygningar kan fungere som vindtunellar som forsterkar eit dårleg uteklima. I dag er det stor variasjon i byggehøgde og bygningstypar innanfor sentrumsområdet. Spennet går frå einebustadar på store tomter, til eigedommar med full utbygging over 3 – 4 etasjar og til bygningar opp i 8 etasjar.

#### **Problemstillinger:**

- Kor kan det tillatast bustadar ?
- Skal dei same krava til leike- og opphaldsareal gjelde i sentrum som i resten av tettstaden ?
- Medfører bustadbygging at det må leggast uønska restriksjonar på næringsverksemndene ?
- Kva med trafikktryggleik, sikker skuleveg ?
- Kva tomteutnytting og byggehøgder skal tillatast ?

## 6.4 Byrom, parkar, grøntanlegg

Utanom torget er det lite av tilrettelagde felles oppholdsareal i Nærbø sentrum. Området er i stor grad dominert av bilvegar og parkeringsareal. Avstandane er så store at dei innbyr til bilkjøring mellom målpunkta. Avstandane mellom målpunkta er likevel ikkje for store til at brukarar kan gå eller sykle mellom desse, men det er i liten grad tilrettelagt for dette.



ENKEL OVERSIKT OVER GRØNTOMRÅDER OG PARKERINGSAREAL

Byrom, parkar, grøntanlegg, miljøgater utgjer den offentlege «limen» i eit sentrum. Det er utforminga av desse fellesanlegga som i stor grad avgjer om det er triveleg å bruke og opphalde seg i området. Sentrum må tilretteleggast for alle brukargrupper; ung, eldre, funksjonshemma, innvandrarar oa. Skal sentrum bli noko meir enn ein stad ein kører til for å handle dei nødvendigaste forbruksvarene, må dei offentlege anlegga utformast slik at dei blir attraktive å bruke også utan tilknyting til bruken av dei kommersielle eller offentlege tenestetilboda elles. Denne type anlegg er viktig for at det skal kunne byggast bustadar i sentrum.

Høg og intensiv utnytting av tomteareaala er viktig. Det medverkar til å auke talet på brukarar av sentrumsområda som er ein av dei viktigaste faktorane for å oppnå eit attraktivt sentrum.

På den andre sida må byggehøgdene haldast på eit nivå som gir gode og trivelege fellesareal. Skuggekasting og vindtunellverkand kan fort i vårt klima gjere uteareaala

utrilege. Med eit vesentleg innslag av bustadar i sentrum, må også bygningsmiljøet utformast slik at det kan gje eit godt bummiljø.

#### **Problemstillingar:**

- Kor og korleis kan ein skape gode og attraktive byrom, møte- og opphaldsplasser – plasser som kan dekke ulike behov for opphold og aktivitet for ulike brukargrupper ?
- Skal det opparbeidast store leike- og opphaldsareal for å dekke det behovet som blir skapt av ei omfattande bustadbygging ?
- Korleis skape gode byrom og binde desse saman med gode og trygge ganglinjer som ikkje blir brotne av sterkt trafikkerte gater ?

#### **6.5 Samferdsel og parkering**

I kommuneplanen er det lagt sterk vekt på at det skal etablerast ein overordna omkjøringsveg rundt Nærbø, både for å leia tungtrafikk og gjennomgangstrafikk utanom tettstaden og for å leie interntrafikken raskast muleg ut og inn i tettstaden. Dette utgjer ein viktig føresetnad for den sterke fortettinga som er planlagt og forventa i åra framover.

Samtidig er det slik at mange av brukarane av tenestetilbodet i sentrum er avhengig av å kome til området med bil. Som lokalsenter vil tilboda i sentrum i all hovudsak vere retta mot innbyggjarane i Nærbø-krinsen. For desse er det, og vil det endå ei tid framover, ikkje føreliggja eit tilbod om kollektivtransport for reiser til sentrum. Alternativet til biltransport vil vere gange og sykling for dei som bur i nærområdet. Ei tilrettelegging av bilvegnettet og gang- og sykkelvegnettet som legg grunnlag for vidareutvikling av eit attraktiv sentrum må inngå som ein viktig del av kommunedelplanen. Plassering av ladestasjonar for elbilar må vurderast.

Jærbansen er kanskje den viktigaste faktoren for framveksten av Nærbø som tettstad. Det blir nå arbeidd med planar for bygging av dobbelspor frå Sandnes til Nærbø.



Jærbanen representerer i dag eit viktig, og bortimot det einaste, kollektivtransporttilbod for Nærbø. Utbygging med dobbelspor og etablering av eit togtilbod med 15-minutt, vil utgjere eit svært godt kollektivtilbod til tettstaden og områda rundt. Samtidig medfører jernbanelina og togstasjonen andre utfordringar. Lina deler sentrumsområdet geografisk og funksjonelt i to skilde deler. Lokaliseringa av ny stasjon kan få stor innverknad for vidareutvikling av sentrumsområdet. Skal lina hevast ytterlegare ? Ein konsekvens kan bli sterkare barriereverknad. Må stasjonsområdet utvidast for å gje rom for vendespør ? Skal det vere midtperrong eller sideperrong ? Kva med parkering for dei som vil nytte toget som transportmiddel ? Mange spørsmål er ennå uavklåra.

I dag er vidaregåande elevar ei viktig brukargruppe av Jærbanen. Gang- og sykkelsambandet mellom stasjon og for eksempel Tryggheim skular kan tilretteleggas betre. Eller elevar som går på Bryne og bur på Rosk. Planarbeidet må omhandle etablering av gode gang- og sykkelsamband mellom stasjonsområdet og viktige målpunkt i og utafor sentrum.

Sjølv om mange av dei som bur i nærområdet bør kunne gå eller sykle til sentrum, vil det ikkje innan overskueleg framtid vere tilgjengeleg eit kollektivtilbod som utgjere eit reelt tilbod for brukarar av sentrum som lokalsenter. Mange vil ha bruk for å nytte privatbil som transportmiddel til og frå sentrumsfunksjonane. Eit godt parkeringstilbod må inngå som ein viktig faktor for den framtidige utviklinga. Med den nye kommuneplanen er det vedtatt ein ny parkeringsnorm med redusert krav til parkering. Det er også vedtatt ei frikjøpsordning som legg grunnlag for etablering av kommunale parkeringsanlegg.

Det er viktig at sentrum blir tilrettelagt for alle brukargrupper. Sentrumsområda må planleggast etter krava til universiell utforming (UU) slik kommuneplanen føreskriv.

## **Problemstillinger:**

- Korleis fungerer trafikknettet i og omkring sentrum i dag ?
- Korleis skal gatenettet utformast for å gje nødvendig biltilkomst samtidig som sentrum blir attraktivt også for mjuke trafikantar og andre brukarar av sentrum ?
- Korleis skal sentrum trafikalt koplast til hovudvegnettet ?
- Parkering – kor kan det byggast offentlege parkeringsanlegg ?
- Kor kan det plasserast ladestasjonar for elbilar ?
- Korleis skal gang- og sykkelvegnettet utformast for å gje god tilkomst frå omkringliggende bustadområder og andre viktige målpunkt ?
- Korleis skal jernbanestasjonen plasserast og utformast ? Kva innverknad har plassering og utforming for sentrumsutviklinga, barriereverknad, trafikkavvikling, arealbruk mm ?
- Korleis skal krava til universiell utforming ivaretakast ?

## **6.6 Gamle Nærø – Verneverdige bygningar**

Langs Nærøgata ligg det i dag eit bygningsmiljø med røter tilbake mot den tida på slutten av 1800-talet då Jærbanan vart bygd og Nærø stasjon etablert. Deler av dette området er regulert som verneområde i gjeldande reguleringsplan. Også andre bygningar kan ha arkitekturhistorisk eller lokalhistorisk interesse og verdi. Det er viktig å ta vare på historiske band og å setja verneinteressene inn i ein større samanheng.

## **Problemstillinger:**

- Kor mykje av «gamle Nærø», både gatestruktur og enkeltbygningar skal vernast for ettertida ?
- Kva innverknad skal vernet ha for nybygg i og i nærleiken av verneområdet ?

## **6.7 Barn og unge**

Barn og unge er ei viktig brukargruppe av sentrum og av det tenestetilbodet som er lokalisert i sentrum eller nær sentrum. Utanom dei kommersielle tilboda, ligg for eksempel Loen med alle sine tilbod innan idrett, tett opp mot sentrum. Mange elevar på Tryggheim nytta Jærbanan, og går til og frå gjennom sentrum. For dei som bur og skal bu i sentrum må det tilretteleggast tilfredsstillande uteopphaldsareal som kan gje gode bumiljø. Særleg for barn og unge vil trafikktryggleik både til og frå sentrum og i sentrum vere eit viktig punkt. Utanom dette er ofte barn og unge dei som har den mest «uformelle» bruken av sentrum. Kor er det møteplassar og korleis brukar barn og unge sentrum i uorganiserte samanhengar.

## **Problemstillinger:**


- Korleis nyttar barn og unge sentrumsområda i dag ?
- Korleis ønskjer barn og unge at sentrum skal utviklast ?
- Korleis sikre god trafikktryggleik både i sentrum og på vegane til og frå sentrum ?
- Er det trygt for barn og unge å opphalde seg i sentrum ?

## **6.8 Samfunnstryggleik**

Nærø er ein plass der folk i alle aldrar kan og skal kunne ferdast trygt heile døgnet. Eit aukande folketal kan likevel gje større utfordringar når det gjeld å oppretthalde tryggleiken.

Med fleire folk i sentrum og med gjennomføring av ulike trafikk- og fartsreduserande tiltak, kan det verta meir utfordrande for uthyrningskjøretøy å koma fram. Det vidare planarbeidet må ha fokus på dette, og sikra at det til ein kvar tid er god framkome for uthyrningskjøretøy i sentrum.

Eit endra klima vil auka faren for vind- og flaumskadar. Klimatilpassing er derfor eit viktig tema. Det er allereie gjennomført ei omfattande kartlegging av flaumfaren i kommunen. Resutatet av dennem leggast til grunn for planarbeidet.



ILLUSTRASJON OVER FLOM I OPSTADVEGEN

Jærbanen og Sørlandsbanen går gjennom sentrum. Faren for ulukker ved transport på jernbanelina må vurderast.

Som del av planen skal det utarbeidast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). Målet med denne analysen er å etablera ei systematisk tilnærming til fare og framtidige uønska hendingar, slik at nødvendige risikoreduserande tiltak kan identifiserast og takast omsyn til.

#### Problemstillingar:

- Er det stader eller situasjonar der brukarane opplever sentrum som utrygt ?
- Ved ekstremnedbør har det oppstått flaumsituasjonar ?
- Kva med tilkomsten for utsyrkingskjørtøy ?
- Kan det vere fare for større ulukker, t.d. togulukker ?

## **7. Overordna føringer og retningsliner**

Det føreligg ei rekke statlege og fylkeskommunale rammer og premissar som kommunen må legge til grunn for den kommunale planlegginga. Kommunestyret har også sjølv gjort ei rekke vedtak som vil vere styrande for kommunedelplanen.

### **7.1 Statlege føringer**

#### **- Plan- og bygningslova**

Plan- og bygningslova fastlegg rammer for innhaldet i ein kommunedelplan og prosessuelle krav til behandlingsmåte, medverknad, konsekvensutgreiingar og Risiko- og sårbarheitanalysar.

#### **- Forskrift om konsekvensutgreiing**

Forskrifta utdjupar krava om at det skal utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiingar for arealplanar med vesentlege verknader for miljø, naturressursar og samfunn.

#### **- Lov om folkehelse**

Ny lov vart gjeldande frå 1. januar 2013 og representerer ein «ny giv» i folkehelsearbeidet. Det er lagt vekt på systematisk folkehelsearbeid, tydeleggjering av kopling til planlegging og betydinga av at «helse i alt vi gjer» er eit ansvar for heile kommunen.

#### **- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (vedtatt ved Kongeleg resolusjon 12. juni 2015):**

Dokumentet seier noko om kva regjeringa forventar at kommunane skal ta spesielle omsyn til både i arbeidet med planstrategiane og i dei påfølgjande planprosessane. Det er særleg lagt vekt på 3 punkt som er viktige for sentrumsplanen:

- Gode og effektive planprosesser
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavenlege tettstadarområder

#### **- Statlege planretningslinjer for (SPR) samordna bustad-, areal- og transportplanlegging**

*«Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafikksikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet.*

*Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byer og tettsteder, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer.*

SPR for klima- og energiplanlegging i kommunane:

*Den statlige retningslinjen setter nasjonale mål for klima- og energiplanleggingen i kommuner og fylkeskommuner. De skal gjennom planlegging og øvrig myndighets- og virksomhetsutøvelse stimulere og bidra til reduksjon av klimagassutslipp, samt økt miljøvennlig energiomlegging.*

*Kommunene skal i kommuneplanen eller i en egen kommunedelplan innarbeide tiltak og virkemidler for å redusere utslipp av klimagasser og sikre mer effektiv energibruk og miljøvennlig energiomlegging i tråd med denne retningslinjen.»*

### **- Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for å styrke barn og unge sines interesser i planlegginga.**

«Retningslinjene er en av Norges oppfyllelse av forpliktelsene i FNs barnekonvensjon og skal synliggjøre og styrke barn og unges interesser i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven

*Kommunen skal bl.a. utarbeide retningslinjer, bestemmelser eller vedtekter om omfang og kvalitet av arealer og anlegg av betydning for barn og unge, som skal sikres i planer der barn og unge er berørt.*

*Arealer og anlegg som skal brukes av barn og unge skal være sikret mot forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare. I nærmiljøet skal det finnes arealer hvor barn kan utfolde seg og skape sitt eget lekemiljø. Kommunene skal avsette tilstrekkelige, store nok og egnet areal til barnehager. Ved omdisponering av arealer som er i bruk eller er egnet for lek, skal det skaffes fullverdig erstattning.»*

### **- Rikspolitiske planretningslinjer (RPR) for samordna areal og transportplanlegging.**

«Hensikten med retningslinjene er å oppnå en bedre samordning av arealplanlegging og transportplanlegging både i kommunene og på tvers av kommuner, sektorer og forvaltningsnivåer.

- Det bør legges vekt på å få til løsninger som kan gi korte avstander i forhold til daglige gjøremål og effektiv samordning mellom ulike transportmåter.
- Hensynet til effektiv transport må avveies i forhold til vern av jordbruks- og naturområder.
- Ved utforming av boligområder og trafikksystem skal det tas hensyn til statlige normer og retningslinjer for miljøkvalitet.
- I regioner eller områder der befolkningstettheten kan gi grunnlag for kollektivbetjening som et miljøvennlig og effektivt transportalternativ, skal det ved utformingen av utbyggingsmønsteret og transportsystemet legges vekt på å tilrettelegge for kollektive transportformer.»

### **- Rikspolitiske føresegner om kjøpesentre.**

«Målet med den rikspolitiske bestemmelsen om kjøpesentre er å styrke by- og tettstedssentrene og legge til rette for miljøvennlige transportvalg, dvs. unngå en utvikling med byspredning, økt bilavhengighet og dårligere tilgjengelighet for dem som ikke disponerer eller ønsker å bruke bil. Det overordnede og langsigtede målet er å utvikle bærekraftige og robuste by- og tettstedsstrukturer som også bidrar til å redusere klimagassutslippene.

*I forskriften fastlegges at kjøpesentre bare kan etableres eller utvides i samsvar med retningslinjer i godkjente regionale planer. I områder som ikke omfattes av slike regionale planer vil kjøpesentre større enn 3000 m<sup>2</sup> bruksareal ikke være tillatt.*

*Den rikspolitiske bestemmelsen for kjøpesentre skal ligge til grunn for fylkenes retningslinjer. Bestemmelsen skal dermed også legges til grunn for kommunenes planlegging. Nye byggetillatelser eller rammetillatelser kan ikke gis i strid med den rikspolitiske bestemmelsen. Fylkesmannen har myndighet til å fravike bestemmelsen.»*

### **- Andre viktige dokument**

**St.meld nr. 34 (2012-2013) «Folkehelsemeldinga - God helse -felles ansvar»** Legg prinsippet 'Helse i alt vi gjør' til grunn og peikar mellom anna på at omsynet til helse til

befolkninga skal få større plass i stads- og nærmiljøarbeidet og samferdselspolitikken.

**St. meld nr. 23 (2001- 2002) «Betre miljø i Byer og tettsteder».** Konkretiserer overordna mål og prinsipp for utvikling av attraktive, miljøvennlege og funksjonelle byar og tettstader. 21

**St. meld nr. 29 (2011-2012) «Samfunnssikkerheit».** Viser ulike tiltak for å styrkja arbeidet med samfunnstryggleiken. Meldinga ser spesielt på store hendingar som går på tvers av sektorar.

**St. meld nr. 16 (2004-2005) «Leva med kulturminner».** Viser ulike tiltak som skal sikra at mangfaldet av viktige kulturminner og kulturmiljø ikkje går tapt og at det potensialet kulturarven representerer vert tatt meir aktivt i bruk.

## 7.2 Fylkeskommunale føringar

### - Regionalplan Jæren:

Planen set rammer for utbyggingsmål og utbyggingsretning for kommunen i eit 40 – års perspektiv. Langsiktig grense for landbruk og område for regional grønstruktur set klare premisser for arealforvaltinga i kommunen. Regionalplanen har strenge retningsliner for arealutnytting, og stort fokus på bukvalitet.

Nærbø er definert som eit lokalsenter, som vil sei at det er senter for ein bydel eller eit større nærområde i kommunen. Dimensjonering og avgresing av lokalsentre skal gjerast i kommунdelplan eller områderegulering, kor regionalplanens retningsliner skal leggast til grunn.

### - Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturminnevern (Fdp - FINK) i Rogaland:

